



Juvikstølen velforening
v/Werner Blomberg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/890 - 16/13302

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

19.05.2016

Fritak for søknad for oppføring av grillhytte på areal avsett til friområde - gbnr 185/280 Isdal

Lindås kommune viser til din førespurnad i e-post datert 11.03.2016 og 19.04.2016 vedkomande oppsetting av grillhytte i regulert friområde i Juvikstølen.

På bakgrunn av den skildringa som er sendt inn og angitt plassering på vedlagte kart, har Lindås kommune foretatt ei vurdering av tiltaket.

Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova § 20-5 1.ledd bokstav g at kommunen kan fritta mindre tiltak frå søknadsplikt der kommunen finn grunnlag for det.

I denne saka er det vist til at ein ønskjer å sette opp ei grillhytte på ca. 15 m², på areal som i reguleringsplanen for Juvikstølen, del av gnr. 185 Isdal felles, er avsett til friområde F3.

I føresegn § 4 i reguleringsplanen står det at «

Friområda skal nyttast til turvegar og leik. Nødvendige anlegg for dette formålet, som ikkje er til hinder for bruken av området som friområde, kan oppførast etter godkjenning av bygningsrådet.

I dykkar brev datert 19.04.2016 er det vist til at hytta vert plassert slik at den ikkje er til hinder for annan leik eller aktivitet i området, at det skal vera ulåst og tilgjengeleg for ålmenta.

På bakgrunn av den som går fram i eposten, så finn Lindås kommune at ei grillhytte som vert plassert på friområde til og vera i samsvar med føremålet i reguleringsplanen.

Det er lagt fram samtykke frå Lindås Tomteselskap til oppføring av grillhytte på deira eigedom.

Etter ei heilskapleg og konkret vurdering av det skisserte tiltaket, er Lindås kommune si vurdering i denne saka at det er grunnlag for å gje fritak for søknadsplikt til grillhytte. Fritaket vert gjeve på følgjande vilkår:

- Samla bruksareal eller bygdareal skal vera maksimalt 15 m² og ha ei mønehøgde på maksimalt 4,0 meter og gesimshøgde på maksimalt 3,0 meter.
- Grillhytta skal vera tilgjengeleg for ålmenta.
- Grillhytta skal ikkje nyttast til overnatting.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



- Grillhytta må utformast i materiale som er tilpassa den eksisterande bygningsmassa i området.
- Det må sendast inn skjema om Melding om bygning eller tilbygg som er unntatt søknadsplikt (blankett 5188) til kommunen når hytta er oppført, skjema finn de her:
<http://www.dibk.no/no/byggeregler/Byggesoknader/Byggesaksblanketter/>

Avgjerda etter plan- og bygningslova § 20-5 1.ledd bokstav g er ei prosessleiande avgjerd som ikkje kan påklagast.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Juvikstølen Velforening
LINDÅS TOMTESELSKAP AS

Orrestein 10A 5916
Hagellia 4 5914

ISDALSTØ
ISDALSTØ

Mottakarar:

Juvikstølen velforening